

Spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2018

Vinje kommunes frist for søknad om spelemidler til idrettsanlegg og nærmiljøanlegg er 1. november.

Alle som vurderer å søkje om midlar til eit eller fleire anlegg må taka kontakt med kommunen før søknad sendast. Vi gjer oppmerksom på at alle anlegg som det skal søkjast spelemidler på, må stå i *Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Vinje kommunes -prioritera handlingsprogram idrett og friluftsliv. I tillegg må anlegget vera idrettsfunksjonelt førehandsgodkjent.*

Frist for å få nye anlegg inn på prioritera liste og søknad om førehandsgodkjenning er 15. september.

Formål: Staten har som mål å bidra til bygging og rehabilitering av anlegg, slik at flest mogleg kan drive idrett og fysisk aktivitet, både eigenorganisert og i regi av frivillige organisasjonar.

Målgrupper: Den viktigaste er *barn og unge i alderen 6-19 år*. I tillegg er tilrettelegging for *personar med nedsett funksjonsevne og fysisk inaktive* statlege fokusområder.

Kva er spelemidler? Spelemidler er overskot frå spelene til Norsk Tipping.

Søknadsprosedyre

- Innmelding av nye anlegg til idrett og friluftsplenen 15. september
- Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning 15. september
- Søknadsfrist for spelemidler til kommunen: 1. november
- 1. november -15. januar: Behandling av innkomne spelemiddelsøknader
- Søknadsfrist til fylkeskommunen: 15. januar kvart år (oversending av søknader til fylkeskommunen)
- Søknadsfrist til departementet: 15. mars kvar år (oversending av søknader til Kulturdepartementet)
- Fordeling av spillemidler. Fylkeskommunen fordeler spelemidler og underretter søkjar innan 1. juli kvart år.

Forutsetninga for å kunne søkje

- Alle anlegg som søker om spelemidler må være tatt inn i **Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv - prioritert handlingsprogram.**

[Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv](#)

- Frist for innmelding av nye anlegg er 15. september.
- Plan for anlegget må være idrettsfunksjonelt førehandsgodkjent før anleggsarbeid vert satt i gang. Det er berre kommunen eller Kulturdepartementet som kan gi godkjenning. (Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må ikke forvekslas med kommunal byggesaksbehandling).

Kva kan det søkjast om?

Det deles hovudsakeleg inn i 2 anleggsgrupper:

- **Ordinære anlegg:** Med ordinære anlegg meinas anlegg for organisera idrett og fysisk aktivitet. Til ordinære anlegg, inkludert rehabilitering, kan der anna ikkje er bestemt, gjevast tilskot på 1/3 av godkjent kostnad.
- **Nærmiljøanlegg:** Med nærmiljøanlegg meinas anlegg eller områder for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakeleg liggande i nærleiken av bo- og/eller opphaldsområder. Med nærmiljøanlegg meinas berre utandørs anlegg. Til nærmiljøanlegg kan det gis tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnad, maksimalt kr. 300.000.

Kven kan søkje?

Søkjær om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet kan vere:

- a) Kommunar/fylkeskommunar
- b) Idrettslag/organisasjonsledd i Norges Idrettsforbund og olympiske og paraolympiske komité
- c) Idrettslag organisert under Samisk idrettsforbund
- d) Sammensetninga organisert under Norges Jeger- og Fiskerforbund, Den Norske Turistforening, Norges Bilsportforbund eller Det Frivillige Skyttervesen
- e) Aksjeselskapa/allmennaksjeselskapa og kommunale føretak
- f) Stiftelsar
- g) Andre samanslutningar, for eksempel burettslag og velforeiningar.

Som hovudregel er det berre anleggseigar som kan fremje søknad om spelemidlar.

Søknaden

Søknaden skal sendes elektronisk.

Elektronisk søknadsskjema finnes på www.idrettsanlegg.no frå og med 1. oktober

Spillemiddelsøknaden skal ha 5 godkjente vedlegg:

- Idrettsfunksjonelt førehandsgodkjente planar for anlegget med behovsoppgave
- Detaljert kostnadsoverslag
- Finansieringsplan
- Forvaltning, drift, vedlikehald og utviklingsplan
- Dokumentasjon på rett til bruk av grunn

Det bes om at alle som ynskjer å sende søknad om spelemidlar tek kontakt med spelemiddelansvarleg i kommunen, så tidleg som mogleg, før søknad vert sendt.

For meir informasjon om søknadsordninga, gå inn på www.idrettsanlegg.no,

Sjå også oversikt over publikasjonar frå idrettsavdelinga i Kulturdepartementet: [Idrettsavdelingas publikasjonar](#).

Her finn du nyttig og viktig informasjon.